



Rogaland Revisjon IKS

FORVALTNINGSREVISJON AV
**OPPFØLGING AV POLITISKE
VEDTAK**



SULDAL KOMMUNE
AUGUST 2018

INNHOLD

Innhold.....	3
Sammendrag	4
Rådmannens kommentar	8
Rapporten	10
1 Innledning	11
1.1 Føremål og problemstillingar	11
1.2 Revisjonskriterie og metode	12
2 Faktabeskrivelse.....	14
2.1 Politisk og administrativt system.....	14
2.2 Saker vedtekne i kommunestyret, formannskapet og hovudutvala.....	23
2.3 Folkevaldes erfaringar	26
3 Vurderinger og anbefalingar.....	29
Vedlegg	34

SAMMENDRAG

Føremålet med prosjektet er å kartleggje og vurdere Suldal kommune sine rutinar for og resultat av administrasjonens oppfølgjing av politiske vedtak. Følgjande problemstillingar er omfatta av revisjonen:

- Kva for system og rutinar har administrasjonen for oppfølging og iverksetting av politiske vedtak? Korleis vert det utarbeida restanselister?
- Kva for system og rutinar har administrasjonen for tilbakerapportering til folkevalt nivå om status for oppfølging av vedtak?
- I kva for ein grad har tiltak om innsparingar vorte vedteken og sett i verk? Har dei hatt ynskt effekt?
- Kva for vedtak vart fatta av kommunestyre, formannskap og hovudutval i 2015 og 2016 og kva er status på oppfølginga av dei?
- Gjeve at det vert avdekt manglar i gjennomføringa av vedtak
 - o Kva er årsakene til at vedtaka eventuelt ikkje er gjennomført?
 - o Kva har eventuelt vore konsekvensane?

Revisjonen omfattar politiske saker og vedtak frå 2015 og 2016. Dessutan er rådmannen si oppfølgingsliste over saker som skal iverksetjast, vore utgangspunkt for ein sjekk av status for administrasjonen si oppfølgjing eit halvår inn i 2018.

Revisjonen har basert seg på stikkprøver av saker i kommunestyret, i formannskapet og i dei to hovudutvala. Desse er lagt fram for rådmannen. Ordførar og varaordførar og gruppeleiarane er intervjua. Også dei to hovudutvalsleiarane er intervjua. På administrativ side er rådmannen og kommunalsjefane intervjua, samt leiar for servicetorget.

Hovudbudskap:

- Suldal kommune har i hovudsak eit betryggande system for administrativ oppfølging av vedtak gjort i kommunestyret, formannskapet og dei to hovudutvala.
- Politikarane er godt nøgde med den informasjonen dei får skriftleg og munleg frå administrasjonen om korleis det går med saker som skal iverksetjast.
- Det er eit godt samspel mellom politikk og administrasjon. Alle dei intervjuia peikar på høg grad av tillit mellom dei folkevalde og den administrative leiinga.
- Kommunestyret sitt vedtak i 2016 om å spara inn 19,5 årsverk er i hovedsak i rute. Innsparingane på kultur er utsette etter politisk avgjerd.
- Nokre av sakene på rådmannen si oppfølgingsliste er fleire år gamle, og det synest naudsynt med ei avklaring av korleis desse skal handterast vidare.
- I rutinen for handsaming av saker i sakssystemet WebSak vert ikkje sakene kategorisert som «iverksatt». Denne kategorien stadfestar formelt at saka er avslutta.

Rutinar for administrativ oppfølgjing av politiske vedtak

Rådmannen innførte for nokre år sidan ei liste med oversikt over vedtekne politiske saker som krev nærmare oppfølgjing i administrasjonen.

Lista er eit hjelpeverkty for rådmannen og administrasjonen for å sikre at saker vert fulgt opp og kvittert ut som føresett av dei folkevalde.

Oppellinga av saker på lista eit knapt halvår inn i 2018, viser at det store fleirtalet av saker anten er ferdige eller at oppfølginga er starta opp. 24 % av sakene er ferdige medan 47 prosent av sakene er starta opp med omsyn til oppfølging. Av totalt antal saker oppført på lista i juni 2018, 233 saker, har heile 196 av sakene (84 %) samband med handsaminga av kommunens økonomiplan. Berre 37 saker (16 %) har samanheng med andre avgjelder i kommunestyret, formannskapet eller eit av dei to hovudutvala.

26 saker er plukka ut for nærmare vurdering i samband med revisjonen. Dette gjeld saker som vart vedteke 12.12.2017 då kommunestyret handsama økonomiplanen.

Det er ikkje funne nokon avvik mellom vedtaka i kommunestyret og saker oppført i rådmannens oppfølgingsliste. Alle dei undersøkte sakene framgår av lista til rådmannen. Det er heller ikkje funne avvik mellom vedtaka i kommunestyret i samband med budjetthandsaminga og dei vedtak og tiltak som er tekne med i endeleg økonomiplan.

ANBEFALING

Gjennomgangen av saker oppført i oppfølgingslista, syner at 25 saker er frå 2017 eller tidlegare vedtaksår. 19 av desse sakene er frå 2017, medan 3 er frå 2016, 1 sak er frå 2014 og 2 saker er frå 2013. Dei tre eldste sakene gjeld oppfølging av Klima- og energiplanen, kartlegging av kommunale bygningar med omsyn til universell utforming og planleggjring av fast drift av dagaktivitetstilbodet på Sand. Vi vil tilrå kommunen å:

- *Ta ein gjennomgang av dei eldste sakene på rådmannens oppfølgingsliste for å få ei avklaring på korleis dei skal handsamast vidare.*

Rutinar for sakshandsaming

Kommunen nyttar sakshandsamingssystemet WebSak for vedtaksoppfølging. WebSak gjer det mogleg å knytte vedtaksoppfølging til eit sakspapir slik at kommunen kan sjå kva som skjer eller har skjedd i ein sak etter at eit vedtak er fattet. WebSak er basert på prinsippene om éin sak – éin sakshandsamar og fullført sakshandsaming.

Sakshandsamarane hentar «sine» saker for oppfølging og kvitterer ut saka (nokre gonger med merknader). Når saka har fått status «ferdig behandlet» forsvinn saka frå kurven for vedtaksoppfølging. Kvar einskild sakshandsamer kan sjekke eigne restansar i Web-Sak. Det kan og køyrast ut forfallslister og restanselister over uhandsama inngåande brev, som viser samla oversikt for kommunen eller for einskildeiningar. Det samme gjeld for saker som er under arbeid i den einskilde eininga eller i kommunen samla.

ANBEFALING

Slik Suldal kommune i dag nyttar Websak, vert ikkje kategorien «ferdig iverksatt» nyttta. Dette er siste ledet i rutinen før saka er endeleg handsama. Dette er i hovudsak ein formalitet og stadfestar når ei sak er avslutta. Vi vil tilrå Suldal kommune å:

-
- *Vurdere ei endring i rutinane for sakshandsaming i Websak slik at sakene formelt vert avslutta ved å nytta vedtakskoden «saka er iverksatt».*

Rapportering til dei folkevalde om iverksetjinga av vedtekne saker

Korleis det går med framdrifta i administrasjonen sin oppfølging av saker, vert rapporterte i dei to tertialrapportane til kommunestyret. Også formannskapet og dei to hovudutvala handsamar tertialrapportane, samt dei ulike råda. Etter årsslutt legg rådmannen fram årsmelding og rekneskap, og her vert det gitt tilbakemelding på korleis måloppnåinga har vore. I tillegg til dei formelle rapporteringene gjennom tertialar og årsmelding, kjem andre både skriftlege og munlege orienteringar til dei folkevalde. Politikerne tek dessutan direkte kontakt med rådmann, aktuell kommunalsjef eller sakshandsamar om dei vil forhøyre seg om status i saker dei er opptatt av.

Suldal kommune har eit vel utvikla system og rutinar for rapportering til dei folkevalde om administrasjonens oppfølging av politiske avgjerder. Intervjua med utvalde politikarar i Suldal syner at dei fleste er godt nøgde med den informasjonen dei får.

Det er imidlertid eit område som fleire av politikarane meiner kunne vore betre. Det gjeld utviklinga i nokre av dei større byggeprosjekta i kommunen, kor det i nokon tilfelle har vore budsjettoverskridinger og forseinkingar. Nokre av politikarane meiner det har kome overraskingar som dei i liten grad kan gjera noko med når informasjonen kjem seint. Spørsmålet er om det er naudsynt med meir fleksibel informasjon om framdrifta i investeringsprosjekt til dei folkevalde når noko uventa skjer. I dag vert det gjeve regelmessig informasjon i tertialane og årsmeldinga. Revisjonen vil ikkje gje ei konkret tilråing om dette, men oppfordrar kommunen til å tenke gjennom om noko meir kan gjerast for å sikre at dei folkevalde er informerte om utviklinga i større byggeprosjekt.

Oppfølging av vedtaket om å spara inn årsverk

Med eigedomsskatt frå kraftverk som står for 8 prosent av den norske vasskraftproduksjonen, har Suldal ein god økonomi. Kommunen har imidlertid gjort seg sterkt avhengig av kraftinntektene, og politiske signal nasjonalt kan tyde på at det på sikt vert endringar i eigedomsskatten. Eit av tiltaka for å førebu seg i tide, har vore kommunestyrets avgjerd hausten 2016 om å redusera antalet årsverk med 19,5 årsverk.

Samla er antalet årsverk frå starten av 2016 til utgangen av 2017 blitt redusert med over 15 årsverk – frå 456 årsverk i 2016 til 441 årsverk ved utgangen av 2017.

Reduksjonane som kjem i 2018 og dei med verknad frå starten av 2019, er i hovudsak i rute. I følgje 1.tertial er vedtaket om sparing av 100 prosent stilling i administrasjonen per 30.04.2018 ikkje blitt gjennomført, jf. 1. tertialrapport 2018. Budsjettmidla forsvinn imidlertid frå dato, sjølv om ikkje stillingsreduksjonen blir gjort frå samme dato.

Slik revisjonen vurderer det, sommaren 2018, synest innsparingane i årsverk i hovedsak å vere i rute. Innsparingane på kultur er utsette etter politisk avgjerd.

Saker vedtekne i kommunestyret, formannskapet og dei to hovudutvala

Vi har gått gjennom eit utval kommunestylesaker, formannskapssaker og saker i dei to hovudutvala for 2015 og 2016. Desse sakene er så tekne opp med rådmannen for å sjekke status i saka. Føremålet har vore å undersøke om sakene er ferdigstilt - eller viss dei ikkje er ferdigstilt - om det fins plausible grunnar kvifor så ikkje er tilfelle.

Vi har gjort ein sjekk av 14 kommunestylesaker, 9 formannskapssaker og tre saker i leveteknarsutvalet og tre saker i LMT-utvalet. Det er ikkje funne større avvik frå politisk avgjerd og administrasjonens oppfølging i nokon av desse sakene.

Folkevaldes erfaringar med oppfølgjing av politiske vedtak

Dei intervjuia peikar på at det er høg grad av tillit mellom dei folkevalde og den administrative leiinga. Dei folkevalde er i all hovudsak godt nøgde med administrasjonens saksførebuing, gjennomføring av dei politiske møta og oppfølging av politiske vedtak.

Jevnt over er oppfatninga at Suldal har eit aktivt kommunestyre, og at de folkevalde er tett på administrasjonen i mange saker. Det er ikkje støtte blant politikarane om å delegera fleire saker til administrasjonen. Dei ønskjer å ha ei hand på rattet slik som no.

Rådmannen og øvrig leiargruppe får positiv tilbakemelding for å opptre ryddig, systematisk og samkjørt i oppfølginga av politiske vedtak. Det vert peika på at nokre saker kan ta lang tid, men at det fins plausible grunnar for dette når det blir stilt spørsmål.

Politikarane er godt nøgde med den informasjonen dei får frå administrasjonen om korleis det går med saker som skal følgjast opp. Det vert vist til både tertialene, årsmeldinga, rådmannens oppfølgingsliste (av dei som sit i formannskapet) og til skriftlege og munlege opplysningar gitt i politiske møte. Politikarene meiner at dei enkelt og ubyråkratisk får informasjon frå saksansvarlege om status i saker dei er interesserte i.

ANBEFALING

På nettsidene til Suldal kommune vert innbyggjarane på førehand orienterte om kva slags saker og sakspapir som skal handsamast i ulike politiske styrer og råd. Når møtet er halde, vert det lagt ut møteprotokoll frå møtet. Det vert imidlertid ikkje lagt ut informasjon om når sakene er iverksatt av kommunens administrasjon. For innbyggjarar som vil vita meir om korleis det har gått med saker dei er interesserte i, vert dermed alternativet å henvenda seg til administrasjonen.

Vi vil rá Suldal kommune å:

- gjere ei vurdering av informasjonen på sidene «Politikk og organisasjon/ møter og sakspapir» med sikte på å gjere det enklare for lokalsamfunnet å følgje med på den politiske saksgangen frå vedtak til saka er ferdig iverksatt.

RÅDMANNENS KOMMENTAR

Kommentar frå rådmannen til rapporten «Oppfølging av politiske saker»

Rapporten gir ei god skildring av praksisen administrasjonen har når det gjeld oppfølging av politiske saker. I utgangspunktet er det sakshandsamar som har ansvar for den direkte oppfølginga av politiske vedtak. Dette er også praksis i dei aller fleste saker. Samtidig har Suldal kommunestyre ein praksis som gjer at ein del saker er ganske store og med vedtak i mange punkt. Dette gjeld til dømes dei årlege budsjetta og dei årlege årsmeldingsvedtaka. Her blir det gjort ein gjennomgang, og vedtaka blir splitta opp med ulike ansvar for oppfølging. Rådmannsgruppa har ei viss oversikt over framdrift gjennom den omtalte oppfølgingslista, ei liste som ikkje er meir enn ei heimelaga liste som er meint å gje grei oversikt for rådmannen.

Rådmannsgruppa er glad for at tilbakemeldinga frå gruppeleiarar og utvalsleiarar viser at dei for det meste er greitt fornøgd med oppfølginga av deira vedtak.

Til dei ulike tilrådingane har rådmannen fylgjande kommentarar:

Ta ein gjennomgang av dei eldste sakene på rådmannens oppfølgingsliste for å få ei avklaring på korleis dei skal handsamast vidare.

Dette blir fortløpande gjort, men systemet med oppfølgingsliste er slik at når sakene ikkje er tilfredstillende løyst i tråd med vedtaket, så heng dei igjen på lista. Utfordringa er at fleire av desse sakene er vanskelege å løysa, og når dei er vedteke av kommunestyret, så er det også kommunestyret som må avgjera om dei er tilfredstillende løyst. Rådmannen vil ta initiativ til at sakene blir teke fram i neste tertialrapport slik at kommunestyret kan avgjera om dei framleis skal stå eller om dei skal omformulerast eller strykast.

Vurdere ei endring i rutinane for sakshandsaming i Websak slik at sakene formelt vert avslutta ved å nyta vedtakskoden «saka er iverksatt».

Dette planlegg politisk sekretariat å iverksetja i løpet av hausten. Dette vil først å fremst gjelda dei sakene kor det er ein handling (utsending av brev, utbetaling, bestilling eller liknande) som skal ta til for å følgja opp vedtaket.

Vurdera å endra informasjonen på sidene «Politikk og organisasjon/ møter og saks-papir» med sikte på å gjøre det enklare for lokalsamfunnet å følgje med på den politiske saksgangen frå vedtak til saka er ferdig iverksatt.

Rapporten peiker på ei løysing kor det står etter kva sak kor langt den er kome i oppfølginga. For alle vedtak som følgjer av budsjett og handlingsplan vil det vera tertialrapport og årsmelding som gir tilbakemelding, men i løpet av hausten vil me vurdera om det enkelt kan innarbeidast eit slikt system som rapporten peiker på. I den vurderinga må det vegast om arbeidsinnsats og kvalitet på det som blir lagt inn står i rett forhold til nytta innbyggjarane vil ha av at heimesida gir desse opplysningane.

Oppfølging av byggeprosjekt.

Dette står ikkje som ei direkte oppfølgingstilråding, men er tydeleg beskrive som ei problemstilling. Administrasjonen lagar jamleg oversikter som skildrar kor langt ein er komen i byggeprosjekta og økonomisk utvikling i dei. Desse ligg ved tertialrapport og årsmelding, og blir jamleg lagt fram i LMT-utvalet. Utfordringa er at utviklinga her skjer relativt fort og mykje skjer mellom kvart møtepunkt, men rådmann ser likevel at dette er like viktige opplysningar for politiske utval som for rådmannen sjølv. Ordførar er no invitert inn i oppfølgingsmøta som rådmann og kommunalsjef har med utbyggingssjefen om lag tredje-fjerdekvart veke. På denne måten er politisk leiing orientert om utviklinga, og kan saman med rådmann drøfta korleis informasjon skal takast vidare til politiske utval.

RAPPORTEN

1 INNLEDNING

1.1 FØREMÅL OG PROBLEMSTILLINGAR

Det kommunale styringssystemet er tufta på at administrasjonen greiar ut og legg fram saker til politisk handsaming, med forslag til vedtak. Deretter skal avgjerda iverksetjast i tråd med dei politiske føringane.

Kontrollutvalet i Suldal kommune tinga i møte 07.09.2017 eit utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjon om «Oppfølging av politiske vedtak» Dette prosjektet er med i kommunen sin plan for forvaltningsrevisjon på lista under andre prioritet.

Føremålet med prosjektet er å kartlegge og vurdere Suldal kommunes rutiner for og resultatet av administrasjonens oppfølging av politiske vedtak. Mandat for gjennomføring av prosjektet vart vedteke av kontrollutvalet i møte 9.11.2017. I tillegg til føremålet, går det fram av kontrollutvalets tinging at følgjande problemstillingar skal svarast ut:

- Kva for system og rutinar har administrasjonen for oppfølging og iverksetting av politiske vedtak? Korleis vert det utarbeida restanselister?
- Kva for system og rutinar har administrasjonen for tilbakerapportering til folkevalt nivå om status for oppfølging av vedtak?
- I kva for ein grad har tiltak om innsparingar vorte vedteken og sett i verk? Har dei hatt ynskt effekt?
- Kva for vedtak vart fatta av kommunestyre, formannskap og hovudutval i 2015 og 2016 og kva er status på oppfølginga av dei?
- Gjeve at det vert avdekt manglar i gjennomføringa av vedtak
 - o Kva er årsakene til at vedtaka eventuelt ikkje er gjennomført?
 - o Kva har eventuelt vore konsekvensane?

I kontrollutvalets møte vart det vedteke at saker frå 2015 også skal inngå i undersøkinga.

Det er gjort nokre avgrensingar: Ut frå prosjektets føremål, er det snakk om politiske avgjerder, ikkje administrative avgjerder etter delegert mynde. Det følgjer dessutan av mandatet at revisjonen skal omfatte avgjerder i kommunestyre, formannskap og dei to hovudutvala; levekårsutvalet og LMT-utvalet (landbruk, miljø og tekniske tenester).

Kartlegginga og vurderingane tek for seg følgjande tema:

- For det første vert administrasjonen sitt system og rutinar for å følgja opp vedtak kartlagt. Dette vert gjort med omsyn til alle politiske utval i kommunen.

-
- Prosjektet si saksoppfølging vert avgrensa til vedtak i 2015 og 2016.
 - Konsentrasjon om saker i kommunestyret, formannskap og hovudutval.
 - o Mengda saker i kommunestyret, formannskap og hovudutval er gjerne svært høg. For å halda ressursinnsatsen i prosjektet på ei handterbart nivå er kontrollen basert på stikkprøver.
 - Avgrensing av statusvurderingar til saker kor politisk avgjerd avvik frå forslaget til rådmannen.
 - o Det er eit risikobasert utplukk. Det omfattar dermed vedtekne endringsforslag, tilleggsforslag eller oversendingsforslag. Resultat og status for desse saker eller vedtak vert undersøkt. Forslag som har falle i voteringa utelatast.

Oppfølging av alle sakstypar vert omfatta, men med spesiell merksemd mot økonomiske saker, som t.d. innsparing eller effektivisering, fordi dette ofte er saker kor oppfølginga er spesielt vanskeleg.

1.2 REVISJONSKRITERIE OG METODE

Revisjonskriteria er element som inneholder krav eller forventningar, og vil bli brukt til å vurdere funna i dei undersøkingar som skal gjerast. Kriteria skal vere forankra i, eller leia ut av, autoritative kjelder innanfor det reviderte området.

Dette prosjektet tek utgangspunkt i kommunelovas reglar om administrasjonssjefens oppgåver og mynde, samt administrasjonens interne retningsliner. Rådmannen har ei plikt til å effekturera politiske avgjerder. Oppfølginga skal vera i tråd med lovar og reglar og interne retningsliner og standardar som dei folkevalde måtte ha vedteke. Rådmannen har og eit overordna ansvar for å føra kontroll med administrasjonen.

Når det gjeld kontroll av einskildsaker, har vi i hovudsak teke utgangspunkt i dei sakene der politiske avgjerder avvik frå rådmannen si innstilling. Her inngår vedtekne endringsforslag, tilleggsforslag eller oversendingsforslag. Det gjev ei avgrensing av antal saker, samstundes som vi får med breidda av saker, medrekna verbalpunkt til budsjettet. Sistnevnte gjeld kommunestyret si budsjettavgjerd for budsjettåret 2018, handsama i desember 2017. Dessutan er avgjerder vedteke i samband med budsjettet for 2016 og 2017 sett i samband med saker tekne med i rådmannen si liste over saker for oppfølgjing.

Kontrollen av avgjerder gjeld saker i kommunestyret, formannskapet og dei to hovudutvala. Det er imidlertid mange saker som vert handsama i hovudutval, formannskap og kommunestyre.¹ Relativt få saker vert endeleg vedtekne i levekårsutvalet. Ved å ta

¹ Delegasjonsreglementet plasserer ansvaret for ei rekke særlover til dei to hovedutvala, samt avklarer kva slag saker som kan vidaredelegerast til rådmannen. I reglementet framgår det også kva slag saker som er unntak fra delegasjon til eit av hovedutvala, som dermed skal handsamast av formannskapet og/eller kommunestyret. Eit døme er plan- og bygningslova, der reglementet avklarar kva saker som skal handsamast i formannskap/kommunestyre, i LMT-utvalet og av rådmannen. Lenke til reglementet finnes her... <https://www.suldal.kommune.no/politikk/politisk-organisering/>

stikkprøver av saker til formannskapet og kommunestyret har vi dermed i stor grad fått dekka saker som tidligare i prosessen har vore handsama i levekårsutvalet.

LMT-utvalet har også større saker som vert handsama i formannskapet og kommunestyret, men utvalet har fleire saker enn levekårsutvalet som vert endeleg vedtekne i utvalet. Det samla antalet saker i utvalet er høgt, men mange saker er meldingar og saker etter delegert mynde. Antal saker er stort sjølve om ca. 70 prosent av til dømes byggeskadene er delgert til rådmannen (kommunalsjef, landbruk, miljø og tekniske tenester).

For å halde stikkprøvene på eit handterleg nivå, er det teke stikkprøver av saker frå dei fire siste møtene i utvalet i både 2015 og 2016. Også her har vi vore mest opptekne av saker der avgjerda skil seg frå det som var rådmannen si innstilling.

Utover desse stikkprøvene, har vi undersøkt rådmannen si oppfølgingsliste. Denne lista inneholdt saker frå til dømes budsjettetthandsaming, frå handsaming av årsmelding og diverse politiske avgjelder i frå ulike utval kor oppfølging skal skje over tid. Det er såleis eit hjelpeverkty for rådmannen og leiargruppa for å få til ei systematisk oppfølging av ei lang rekke saker kor dette er naudsynt. I samband med denne revisjonen har vi gått gjennom lista ajour per ultimo juni 2018 og sett på samanheng mellom mål og hovudstrategiar i kommuneplanen, tiltak i økonomiplan med handlingsprogram og framdrift målt ved bruk av trafikklys. Det er også gjort ein sjekk mellom politiske verbpunkt i samband med budsjettetthandsaminga og endeleg årsbudsjett.

Stikkprøvene frå dei politiske utvala dekkjer åra 2015 og 2016, medan sjekk av rådmannen si oppfølgingsliste og verbpunkt til årsbudsjettet vedteke hausten 2017 dekkjer oppfølging 1. halvår av 2018.

Intervju er nytta for å kartleggje status i einskildsaker, med anna saker som gjeld innsparingar og effektivisering, samt for å innhente erfaringar med vedtaksoppfølginga. Ordførar og varaordførar og gruppeleiariane på politisk side, er intervjuet. Også dei to hovudutvalsleiariane er intervjuet. På administrativ side er rådmannen og kommunalsjefane intervjuet, samt leiar for servicerøtet som også har vore hjelksam med å senda naudsynt informasjon. Til saman er det utført 14 intervju.

Ei nærmare omtale av kriterier, metode og kjelder fins i rapportens [vedlegg](#).

Vår samla vurdering er at metodebruk og kjeldetilfang gjev eit naudsynt grunnlag for å kunna svara ut prosjektets føremål og dei problemstillingar kontrollutvalet vedtok.

2 FAKTABESKRIVELSE

2.1 POLITISK OG ADMINISTRATIVT SYSTEM


I denne delen av rapporten vert det først gjeve ei oversikt over system og rutinar. Deretter vert kvar av problemstillingane i revisjonen kartlagt og vurdert. Anbefalingar er tekne med der revisjonen finn forhold som den meiner bør vurderast nærmere.

Kommunestyret gjer vedtak på vegne av innbyggjarane i Suldal, men har også delegert avgjerdssrett til ordføraren, ulike politiske utval og til rådmannen. Kommunestyret tilset også rådmannen, som er øvste leiaren for dei tilsette i kommunen. Rådmannen har ansvar for den daglege drifta av kommunen og skal sjå til at politiske vedtak blir fulgt opp. Rådmannen førebur også dei fleste sakene som går til politisk handsaming.

I kommunelova § 23, 2. ledd, 1. setning står følgjande: "*Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt.*"

Administrasjonen har såleis eit viktig ansvar i det lokaldemokratiske styringssystemet.

Figur 1 – Dei ulike ledda i det lokaldemokratiske styringssystemet.



For å sikre at politiske avgjelder vert iverksatt, må administrasjonen ha laga interne rutiner og system som ivaretok dette.² Slike interne rutiner og system skal sørge for at administrasjonens saksutgreiingar er i tråd med politiske føringar og avgjelder. På den måten kan det sikrast god samanheng mellom den lokale folkeviljen, folkevaldes avgjelder og administrasjonens iverksetting av vedteken politikk, jf. figur 1.

² Med system meiner vi i utgangspunktet skriftlege retningsliner, men også ikkje-dokumenterte, meir uformelle, rutiner vil kunne vera omfatta. I sistnevnte tilfelle er det tale om rutiner nedfelt i etablert praksis.

Ordføraren kallar inn og leier møta i kommunestyret og formannskapet. Ordføraren er også det daglege bindeleddet mellom dei folkevalde og administrasjonen.

Formannskapet handsamer særleg saker som omhandlar økonomi og næringspolitikk. Formannskapet har dessutan ei særleg rolle etter lova, nemleg å handsame økonomiplan med handlingsprogram og skattevedtak for kommunen.

Levekårsutvalet handsamer saker som omhandlar folk sine levekår, som til dømes barnehage, skule, kultur, helse og omsorg. LMT-utvalet handsamer saker av teknisk karakter, som reguleringsplanar, byggjeprosjekt og vegar, men også miljø og naturforvaltning.

Strategisk leiargruppe har det administrative leiaransvaret. Frå 2017 består leiargruppa av rådmannen og tre kommunalsjefar. Fellestenester - eller rådmannen sin stab - består av løns- og personalavdeling, kommunekassen og servicetorget. I tillegg er rådgjevarar, utbyggingssjef og SLT-koordinator plassert under rådmannsgruppa. Under rådmannsnivået er det 23 einingar. Samla antall tilsette er ca. 700 fordelt på 440 årsverk.

2.1.1 SERVICETORG MED POLITISK SEKRETARIAT

Kommunen har eit politisk sekretariat som tek seg av sekretærfunksjonen for alle politiske råd, utvalg og styrer, totalt 9 medrekna formannskapet og kommunestyret. Sekretariatet inngår i servicetorget som er underlagt rådmannen. Til saman fire personar dele på oppgåva med å ivareta sekretariatsfunksjonen for ulike politiske utval. Før vart dette handtert av ein person, noko som gjorde funksjonen sårbar for sjukdom ol.

Politisk sekretariat legg til rette for møtene og sørge for at møteliste (sakskart) og saksdokumenter vert gjort tilgjengelege for medlemmer og varamedlemmer på førehand. Sekretariatet har informasjons- og rettleiarteneste for folkevalde og publikum.

Oppgåvene omfattar med anna innkalling til møter, utsending av sakspapirer, møtegjennomføring, protokollføring og informasjon om og oppfølging av politiske avgjerder, med anna informasjon som vert lagt ut på kommunen sine nettsider. Dei folkevalde får informasjonen elektronisk og nyttar Ipad i møtene. Alle politikarane har fått tilgang til kommunal e.post, også første vararepresentantar.

Sekretariatet skal leggja omstende best mogleg til rette for arbeidet i kommunens politiske organer når det gjeld førebuing og gjennomføring av desse. Sekretariatet skal ha ein samla oversikt over alle saker som skal til politisk handsaming. Her kan publikum og politikere henvende seg for å finne ut kvar ei sak er i systemet.

2.1.2 RUTINAR FOR OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK

Eit nytt tiltak for oppfølging av politiske avgjerder vart etablert for nokre år sidan. Rådmannen laga ei liste med oversikt over vedtekne politiske saker som skal iverksetjast av administrasjonen. Lista er eit hjelpeverktøy for rådmannen og administrasjonen for å sikre at saker vert fulgt opp og kvittert ut som føresett.

Lista inneheld opplysningar om kva sak det gjeld, til dømes om det gjeld avgjerder i samband med økonomiplanen, i kommunestyret, i formannskapet eller i eit av dei politiske utvala. I dei sakene som gjeld tiltak i handlingsprogrammet til økonomiplanen, er det vist til referanse til tiltaket. Både ansvarleg leiar og utpeikt utførar er vist med initialer. Det er lagt inn tekst om korleis tiltaket skal følgjast opp og kva som er status.

Lista er dynamisk og vert ajourført fortløpende av rådmannen og kommunalsjefane. Leiar av politisk sekretariat deltek i fordelinga av saker etter politiske møte, og har også tilgang til lista. Dei som kan gjere endringar i lista er rådmann og kommunalsjefane. Formannskapet får lista som meldingssak 2-3 gonger i året og den nyttast mellom anna også i kontaktmøtet mellom formannskapet og rådmannen.

Avgjerder som krev ei konkret administrativ handling havnar ikkje på lista då desse sakene sjåast på som kurante.³ I lista inngår også spørsmål, interpellasjonar, oversendingsforslag og saker under «eventuelt» som krev nærmare utgreiingar. Det er berre i tilfelle kor det er gjort eit politisk vedtak at saka vert teke med i lista. I kommentarfellet kan det stå korleis saka på nytt vil koma opp til politisk handsaming.

Saker som er ferdig handsama vert tekne ut av lista. Det vert nytta eit fargekart for å markera om saka er ferdig og avslutta (grønt), om tiltaket er starta opp (gult), om tiltaket er kome til i løpet av budsjettåret (grått/blått) og om tiltaket førebels ikkje er starta opp (kvitt). Kommunalsjef som er ansvarleg for vidare oppfølging, tek saka opp med utpeikt sakshandsamer og avklarar korleis saka skal handterast vidare.

2.1.3 VURDERING AV RUTINAR FOR OPPFØLGJING

Det er gjort ein enkel vurdering av status for saker som er tekne med i oppfølgingslista for 2018. Opptellinga har teke utgangspunkt i ajourført liste per 16. juni 2018, altså eit knapt halvår inn i 2018. Status med omsyn til oppfølging, viste då følgjande:

Tabell 1 – Status for sakene oppført i oppfølgingslista eit knapt halvår inn i 2018.		
Status for sakene (fargekart)	Antal saker	I prosent
Antall saker som er ferdige (grønt)	55	24
Antall saker som er starta opp (gult)	110	47
Nye saker som er kome til i løpet av 2018 (grått/blått)	13	5
Saker som ikkje er påbegynt (kvitt)	55	24
Totalt antal saker	233	100 %

Opptellinga i juni 2018 syner at det store fleirtalet av saker anten er ferdige eller at oppfølgjinga er starta opp. Av totalt antal saker som er tekne med i lista, 233 saker, har heile

³ Det gjeld saker kor det går klart fram av den politiske avgjersla kva administrasjonen skal gjere.

196 saker (84 %) samband med handsaminga av kommunens økonomiplan med handlingsprogram. Berre 37 saker (16 %) har samanheng med avgjerder i kommunestyret, formannskapet eller eit av dei to hovudutvala utanom budsjetthandsaminga.

STIKKPRØVER AV SAKER FRA KOMMUNESTYRETS BUDSJETTBEHANDLING

Det er plukket ut 26 saker frå kommunestyrets handsaming av økonomiplan med handlingsprogram vedteke 12.12.2017. Sakene er vedtekne verbalforslag og tilleggsforslag til budsjettinnstillingen frå rådmannen og framgår av møteprotokollen frå møtet.

Desse sakene er undersøkte for å sjekka ut at dei er: 1) tekne inn i rådmannen si oppfølgingsliste for vidare oppfølging og 2) er inkludert i endeleg vedteken økonomiplan.

Det er ikkje funne nokon avvik mellom vedtaka i kommunestyret og saker oppført i rådmannens oppfølgingsliste. Alle dei undersøkte sakene framgår av lista til rådmannen. Det er heller ikkje funne avvik mellom vedtaka i kommunestyret i samband med budsjetthandsaminga og dei vedtak og tiltak som er tekne med i endeleg økonomiplan.

ANBEFALING

Gjennomgangen av saker oppført i oppfølgingslista, syner at 25 saker er frå 2017 eller tidligare vedtaksår. 19 av desse sakene er frå 2017, medan 3 er frå 2016, 1 sak er frå 2014 og 2 saker er frå 2013. Dei tre eldste sakene gjeld oppfølging av Klima- og energiplanen, kartlegging av kommunale bygningar med omsyn til universell utforming og planleggning av fast drift av dagaktivitetstilbodet på Sand. Vi til tilrå kommunen å:

- *Ta ein gjennomgang av dei eldste sakene på rådmannens oppfølgingsliste for å få ei avklaring på korleis dei skal handsamast vidare.*

2.1.4 RUTINER FOR VEDTAKSHANDSAMING

Kommunen nyttar sakhandsamingssystemet WebSak for vedtaksoppfølging.⁴ WebSak gjer det mogleg å knyte vedtaksoppfølging til eit sakspapir slik at kommunen kan sjå kva som skjer eller har skjedd i ein sak etter at eit vedtak er fatta. WebSak er basert på prinsippene om éin sak – éin sakshandsamar og fullført sakshandsaming.

Saksgangen er at sakshandsamer opprette og førebur saka. Saka sendes til kommunalsjef og rådmann om det er ein sak til formannskap eller kommunestyre. Er det ein sak til eit av hovedutvala sendes saken til kommunalsjef. Når de folkevalde har handsama saken, sendes den attende til sakshandsamer for oppfølging. Sakspapir havnar i innboksen for vedtaksoppfølging hjå sakshandsamer.⁵ Dei ulike stega i saksgangen går fram av opplysningane i WebSak. Dermed er det mogleg å gå attende i saken og sjekka kva som har

⁴ WebSak er et system for elektronisk journalføring og arkivering av saker og dokumenter. Systemet nyttas i dag i sakshandsamingen i offentleg sektor og legg grunnlaget for elektronisk samhandling mellom sakshandsamer og einingar i forvaltninga. WebSak er utvikla av selskapet Acos. Acos utviklar og implementere programvare for offentleg og privat sektor. All programvare vert utvikla av Acos selv. Kilde: Acos sine nettsider.

⁵ Det brukes 6 vedtakskoder.

skjedd. Vedtakskode A nyttas om innkomne saker, B fortel at saka er under handsaming. Det er også ein vedtakskode for sak iverksatt/ sak ferdig (F).

Sakshandsamarane hentar «sine» saker for oppfølging og kvitterer ut saka (nokre gonger med merknader). Når saka har fått status «ferdig behandlet» forsvinn saka frå kurven for vedtaksoppfølging. Kvar einskild sakshandsamer kan sjekke eigne restansar i WebSak.⁶ Det kan og køyrrast ut forfallslister og restanselister over uhandsama inngåande brev, som viser samla oversikt for kommunen eller for einskildeiningar. Det samme gjeld for saker som er under arbeid i den einskilde eininga eller for kommunen samla.

Arkivet køyrrer jevnleg ut restanselister over blant anna inngåande brev som ikkje er bevert og kontaktar sakshandsamarar som har store restanser. Arkivet tek og kontakt for å sjå til at saker som faktisk er ferdige, vert påført riktig vedtakskode (F). På den måten unngår ein at sakshandsamarar får «oppblåste» restanselister.

Suldal kommune har eit opplæringsopplegg for alle som er nye brukarar i WebSak. Det vert gjeve grunnopplæring i WebSak med kurs ein gong i halvåret. Kurset vert halde av sekretariatsleiar og arkivansvarleg. Dei som skriv politiske saker, får særskild opplæring. Dessutan vert det gjeve råd og vink etter behov. WebSak er nokså komplisert, og for mange kan det vera krevande å setje seg inn i alle funksjonar i sakssystemet.

Rådmannens strategiske leiargruppe drøftar politiske oppfølgingssaker av felles interesse. Den einskilde kan sjølve melde inn saker som ein ønskjer ein drøfting av. Elles følgjer oppfølginga av einskildsaker linja; leiarer på ulike nivå vert involvert for å sikre ei god iverksetting hjå dei som sit med verkemiddel og ansvar.

Leiargruppa har per i dag tilgang til rådmannens oppfølgingsliste og kva saker som skal handsamast politisk. Når saka er handsama er det opp til kommunalsjef og utpeikt sakshandsamar å avslutte saka, alternativt at saka kjem opp på nytt politisk.

Fleire av dei som er intervjua peikar på at Suldal kommune er ein nokså oversikteleg kommune kor ein har god kontroll og oversikt over dei politiske sakene. Det er møter mellom rådmann og ordførar der med anna vedtaksoppfølging vert teke opp. Rådmann og leiar av politisk sekretariat går gjennom alle nye saker og desse vert raskt sende vidare til den som skal ta saka vidare. Antallet sakshandsamarar er ikkje større enn at ein raskt finn ut kven som er rette vedkommande til å følgje opp saka vidare.

ANBEFALING

Slik Suldal kommune i dag nyttar Websak, vert ikkje kategorien «saka er iverksatt» nyttta. Dette er siste ledet i ei sak før avslutning. Dette er i hovudsak ein formalitet og stadfestar når ei sak er avslutta. Vi vil tilrå Suldal kommune å:

⁶ Sakshandsamer har til ein kva tid oversikt over uhandsama saker, saker under arbeid, saker til godkjenning, saker motteke frå godkjenning og saker som forfaller.

-
- *Vurdera endringar i rutinene for sakshandsaming i Websak slik at sakene formelt vert avslutta ved å nytta vedtaksoden «saka er iverksatt».*

2.1.5 SKRIFTLEG OG MUNLEG RAPPORTERING TIL DEI FOLKEVALDE OM OPPFØLGING AV PLANAR OG SAKER

Suldal kommune vedtok kommuneplanen våren 2015. Både årsbudsjett og handlingsplan tek utgangspunkt i måla og hovudstrategiane i kommuneplanen. Måla og strategiane frå kommuneplanen er kopierte direkte over i økonomi- og handlingsplanen, og tiltaka er knytte direkte til desse måla og strategiane. Det gjev tydeleg samanheng mellom mål, strategiar, tiltak og bruken av budsjettmidla.

Korleis det går med framdrifta, vert rapporterte i dei to tertialrapportane til kommunestyret. Også formannskapet og dei to hovudutvala handsamar tertialrapportane, samt dei ulike råda. Den første tertialrapporten, lagt fram i juni, tek i første rekke for seg økonomien. Den andre, på hausten, tek for seg mål og tiltak, og dermed korleis det går med gjennomføring av tiltaka. I samband med tertialane kan kommunestyret vedta endringar i budsjettet eller vedta endringar i korleis tiltaka skal gjennomførast.

Etter årsslutt legg rådmannen fram årsmelding og rekneskap, og her vert det gitt tilbakemelding på korleis måloppnåinga har vore. Til kvart mål, vert det laga ein oversikt over tiltak gruppert etter hovudstrategiane for å fulgje opp det einskilde målet. Til kvart tiltak har rådmannen knytt ein kommentar til framdrifta og nytta fargekart for å visa om administrasjonen er i mål med tiltaket eller om det er under handsaming. I same rapport vert det også gjeve ein oversikt over framdrifta i ulike investeringsprosjekt.

I tillegg til dei formelle rapporteringane gjennom tertialar og årsmelding, kjem andre både skriftlege og munlege orienteringar til dei folkevalde. Det gjeld som nevnt rådmannens oppfølgingsliste, som formannskapet vert orientert om. Det store fleirtalet av saker har med årsbudsjettet å gjera. Det er såleis logisk at det er formannskapet som får lista.

I dei to hovudutvala vert det til kvart møte lagt fram orientering om delegasjonssaker. Dette er saker som i delegasjonsreglementet er delegert rådmannen (kommunalsjefane) på dei respektive fagområdene. Omfanget av delegerte saker er langt høgare på fagområdene Landbruk, miljø og tekniske saker enn på levekårsfeltet. I praksis betyr det at mange av sakene i LMT-utvalet omfattar orienteringar om slike delegasjonssaker. At det også vert orientert om utfall i saker kor administrasjonen har delegert fullmakt, syner at dei folkevalde får skriftlig informasjon også i saker som i utgangspunktet er delegerte.

Dei folkevalde kan også stilla spørsmål til administrasjonen. Kommunestyrerepresentantane kan nytta spørsmål og interpellasjoner til med anna å stilla spørsmål om status i administrasjonens oppfølging av politiske vedtak. Spørsmål må vera sendt inn fire dagar på førehand, mens interpellasjonar må vere sendt ordførar seinast ei veke før møtet. Interpellasjonar vert svara ut skriftleg, medan spørsmål i nokon grad også vert svara ut munleg i hovudutvala. I sjølve møta kan det dukka opp saker og spørsmål der det er naudsynt at rådmannen eller ein av kommunalsjefane gjev ei kort munleg orientering. Viss ikkje det kan svarast ut direkte, vert spørsmålet svara ut i neste møte.

Politikerne tek dessutan direkte kontakt med rådmann, aktuell kommunalsjef eller saks-hansamar om dei vil forhøyre seg om status i saker dei er opptatt av.

VURDERING

Vår vurdering er at Suldal kommune har eit vel utvikla system og rutinar for rapportering til dei folkevalde om administrasjonens oppfølging av politiske avgjerder. Forutan dei formelle rapporteringane gjennom tertialrapportar og årsmelding, nyttast det fleire andre former for skriftleg og munleg orientering til dei folkevalde om administrasjonens arbeid. Her inngår til dømes orientering basert på rådmannens oppfølgingsliste og administrasjonens avgjerder i delegerte saker i dei to hovedutvala. Intervjuet med utvalde politikarar i Suldal syner at dei fleste er godt nøgde med den informasjonen dei får.

Det er imidlertid eit område som nokre av politikarane meiner kunne vore betre. Det gjeld utviklinga i nokre av dei større byggeprosjekta i kommunen, kor det i nokon tilfelle har vore budsjettoverskridinger og forseinkingar. Eit spørsmål gjeld tiltak for å unngå at det oppstår slike avvik frå det politikarane har vedteke. Eit anna spørsmål er korleis dei folkevalde kan få informasjon tidsnok. Nokre av politikarane meiner det har kome overraskingar som dei i liten grad kan gjera noko med når informasjonen kjem seint.

Slik det er i dag får dei folkevalde informasjon om investeringar i årsmeldinga. I LMT-utvalet vert det og gjeve informasjon om framdrifta i einskildprosjekt. Fleire av desse sakene vert også handsama i kommunestyret. Til dømes er det blitt orientert om overskridingane ved bygginga av Suldal bad i LMT-utvalet i november 2017 og i april 2018, i formannskapet i mai 2018 og i kommunestyret i mai 2018. Spørsmålet er om det er naudsynt med noko meir informasjon om framdrifta i investeringsprosjekt til dei folkevalde. Revisjonen vil ikkje gi ei konkret tilråing om dette, men oppfordrar kommunen til å tenkje gjennom om det er naudynt med noko meir informasjon på dette området.

Hå kommune har til dømes innført ei ordning der investeringsprosjekt vert samla i ei politisk sak og lagt fram for dei folkevalde. Her inngår opplysningar om prosjektas regnskap, framdrift og eventuelle økonomiske tilleggsbehov. Denne ordninga skal gje politikarane betre oversikt over framdrift i prosjekta, medan den skal verke disiplinerande på dei prosjektansvarlege sidan dei veit at prosjektet vert rapportert til politikarane. Orienteringa gjev politikarane ein moglegheit til å drøfta eventuell inndeckning av kostnadsoverskridinger og få belyst årsakar til forseinkingar og overskridinger.

2.1.6 STATUS FOR INNSPARING I ANTAL ÅRSVERK

Med eigedomsskatt frå kraftverk som står for 8 prosent av den norske vasskraftproduksjonen, har Suldal ein god økonomi. Kommunen har imidlertid gjort seg sterkt avhengig av kraftinntektene, og politiske signal nasjonalt kan tyde på at det på sikt vert endringar i eigedomsskatten. Eit av tiltaka for å førebu seg i tide, har vore kommunestyrets avgjerd hausten 2016 om å redusera antalet årsverk med 19,5 årsverk.

Innsparingar kan vera krevjande i ein kommune som førebels har god økonomi. I revisjonsoppdraget inngår det å sjå nærmare korleis det har gått med innsparingane.

Planen for innsparingane ser slik ut, jf. tabell 2.

Tabell 2 – Plan for innsparing i årsverk vedteke av kommunestyret hausten 2016. Kjelde: Økonomiplan med handlingsprogram nov. 2017.

	Årsverk i dag	jan.17	apr.17	aug.17	des.17	apr.18	aug.18	des.18	Totalt	Red i %
Oppvekst	165	1			1		2	1	5	3,0 %
Administrasjon	24	0,5	1			1			2,5	10,4 %
Kultur	16,5			0,5			1		1,5	9,1 %
Teknisk drift/by	58	1		1	1			0,5	3,5	6,0 %
Pleie og omsorg/ helse	195	2			0,5		2	2,5	7	3,6 %
Sum		4,50	1,00	1,50	2,50	3,0	3,0	4,0	19,5	

Dei ulike delane av administrasjonen er i hovudsak i rute når det gjeld reduksjonane som skulle vera klare i 2017. Som markert i tabellen er det tale om 9,5 årsverk i 2017. Samla er antalet årsverk frå starten av 2016 til utgangen av 2017 blitt redusert med over 15 årsverk – frå 456 årsverk i 2016 til 441 årsverk ved utgangen av 2017.

Reduksjonane som kjem i 2018 og dei med verknad frå starten av 2019 er i hovudsak i rute. I følgje 1.tertialrapport er vedtaket om sparing av 100 prosent stilling i administrasjonen innan 30.04.2018 ikkje blitt gjennomført. Budsjettmidla forsvinn imidlertid frå dato, sjøl om ikkje sjølve stillingsreduksjonen vert gjort frå rett dato.

Innsparingane ved Bygdeutvikling og Teknisk Drift er gjennomført ved at nokon stillingar er spara inn medan andre vert haldne vakant. Grunnen til at nokon stillingar vert haldne vakant er at avdelinga ikkje kan spara desse då det er fagstillingar som avdelinga har trond for. Avdelinga ventar på at andre stillingar skal bli ledige slik at desse kan sparast inn. Dei stillingane avdelinga i mellomtida held vakant vil bli lyst ut når alle innsparingar er gjennomførte. Nedskjeringane på kultur skal etter vedtak hausten 2017 takast frå 2020 i staden for frå 2018. Denne endringa er finansiert av disposisjonsfondet.

I følgje kommunalsjef for oppvekst er reduksjonane på oppvekstfeltet i 2018 i rute. Totalt er det tale om fire årsverk om vi ser vekk frå årsverket spara inn i 2016/2017.

Innafor helse, pleie og omsorg skjer reduksjonen på 4,5 årsverk gjennom nedlegging av tenestene på Jelsa bu og omsorg. Resten av stillingane der blir overført til heimetenestene og eventuelt sjukeheim og Vinjar for å styrka desse. Mindre endringar skal skje i helse og i NAV. Hausten 2017 vedtok kommunestyret rammene for korleis eldreomsorga i framtida skal bli organisert. Vedtaket krev store investeringar. Arbeidet er starta opp, og avdelinga vonar i løpet av 2018 å kunna presentera teikningar av nytt demenssenter på Vinjar og nye servicebustader og dagsenter på Jelsa. Desse bygga, saman med ei omfordeling av personal frå arbeid i kommunale «hus» til hjelp i private heimar, vil gje ein ny type omsorg for dei som blir hjelpetrengande dei neste tiåra.

VURDERING

Slik revisjonen vurderer det, sommaren 2018, synest innsparingane i årsverk i hovedsak å vere i rute. Innsparingane på kultur er utsette etter politisk avgjerd.

2.1.7 FØREBELS OPPSUMMERING

Våre testar har ikkje avdekkja alvorlege manglar i administrasjonens oppfølging av dei politiske avgjerdene. Det er utforma eit system og rutinar for oppfølging av vedtak, og dei retningslinene og rutinane som er etablert synest å bli fulgt som forutsatt. Vi har registrert ein svakheit med omsyn til kategorisering av ferdigstilte saker. Dette er eit spørsmål om ein justering i rutinen blant brukarane av WebSak. I første rekke er dette ein formalitet, men systemet kan verte meir sårbart når saker skal flyttast mellom ulike sakshandsamare og det ikkje går klart fram om saka er ferdig iverksatt eller ikkje.

2.2 SAKER VEDTEKNE I KOMMUNESTYRET, FORMANNSKAPET OG HOVUDUTVALA

I dette delkapitlet undersøker vi utvalde saker i politiske styrer og utval. Vi har særskilt sett på politiske avgjerder som skil seg fra rådmannen si innstilling. Dette omfattar både endringar og tillegg til rådmannen si innstilling.

Vi har gått gjennom eit utval kommunestyresaker, formannskapssaker og saker i dei to hovudutvala for 2015 og 2016. Desse sakene er så tekne opp med rådmannen for å sjekke status i saka. Føremålet har vore å undersøke om sakene er ferdigstilt - eller viss dei ikkje er ferdigstilt - om det fins plausible grunnar kvifor så ikkje er tilfelle.

Saksmengda i ulike politiske styrer og utval har vore nokså stabil dei siste tre åra, jf. tabell 3. Det synes å vera ein nedgang i antal kommunestyresaker, men det skyldast i hovudsak at det var langt fleire saker i 2015 enn i dei foregåande åra og i tida etterpå. I 2013 var det 86 saker i kommunestyret og i 2014 var antalet 81 (ikkje vist i tabell).

Det største antalet saker har som før nevnt, LMT-utvalet. Utvalet handsamer nesten tre gonger så mange saker som levetårsutvalet. Det handsamar også fleire saker enn formannskapet og kommunestyret. Det store antalet saker har med anna samanheng med det store antalet delegerte saker som det vert orientert om i utvalet.

Levetårsutvalet har relativt få saker som dei sjølv vedtek (unntaka er nokre skjenkesaker, vedtekter og kulturmiddlar). Eit fleirtal av sakene gjeld oppveksttjenestene. Dei fleste sakene vert sendte vidare, antan til formannskapet om det er saker med økonomiske konsekvensar eller som innstilling direkte til kommunestyret. Både reglement for politiske organ, vedteke 13.09.2016, og delegasjonsreglementet vedteke mars 2016, avklarer kva ansvars- og avgjerdsmål om dei ulike politiske organa er tillagt.

Tabell 3 - Saker i kommunestyret, formannskapet og hovudutvala i Suldal 2015-2017.

Antall saker og møter		2015	2016	2017
Kommunestyret	Antall saker	130	95	86
	Antall møter	9	7	8
Formannskapet	Antall saker	85	78	81
	Antall møter	12	12	9
Levetårsutvalet	Antall saker	41	42	48
	Antall møter	10	8	7
Utval for landbruk, miljø og teknikk	Antall saker	118	127	107
	Antall møter	12	8	8

Kommunestyret har 19 medlemmar medan formannskapet har 7. Begge dei to hovudutvala har 5 medlemmer. Viss alle kommunestyrerrepresentantene vert fordelt på formannskap og dei to hovudutvala, vil 17 av 19 representantar ha plass i eit utval.

Neste tabell viser antal saker i kommunestyre og formannskap i to av nabokommunane til Suldal, Sauda og Hjelmeland. Tabellen syner at formannskapa i Sauda og særleg Hjelmeland, handsamer fleire saker enn i Suldal. Det har truleg samanheng med at fleire saker vert vedtekte i kommunestyret i Suldal i staden for i formannskapet, og at dei to hovudutvala i ein del saker innstiller direkte til kommunestyret.

Tabell 4 - Saker i kommunestyret og formannskapet i Sauda og Hjelmeland 2015-2017.				
Antall saker		2015	2016	2017
Kommunestyret	Sauda	91	116	80
	Hjelmeland	96	102	85
Formannskapet	Sauda	104	94	106
	Hjelmeland	134	149	136

Vi har teke stikkprøvar av saker fra møteprotokollane i 2015 og 2016 for kommunestyret, formannskapet og LMT-utvalet. Dette er reiegjort for nedanfor.

2.2.1 KOMMUNESTYRESAKER I 2015 OG 2016

Kommunestyret hadde 9 møter i 2015 og 7 møter 2016 og handsama henholdsvis 130 og 95 saker desse to åra. Vi har teke utgangspunkt i møteprotokollane og vald ut saker kor kommunestyrets avgjerd på eit eller fleire punkt er ulik rådmannens innstilling. Stikkprøva omfattar 14 saker i 2015 og 2016.⁷ Desse sakene er tekne opp med rådmannen som så har gjeve tilbakemelding på status i saka.

Våre kontroller har ikkje avdekkja saker som ikkje er fulgt opp og fått ei avklaring. 10 av sakene er utført i tråd med vedtaket i kommunestyret. Ei sak er fortsatt under oppfølging. Det gjeld utbygging av naust på Gulling. Ei sak er ikkje blitt utført i samsvar med vedtak etter ny avklaring i kommunestyret. Det gjeld reguleringsplan for gang- og sykkelveg på Suldalsosen frå Hauabjør til krysset på Steine. Grunna pris er dette prosjektet stoppa. Ordførar har teke dette opp med kommunestyret og fått ei avklaring der.

I ei utbyggingssak er det avvik frå vedtaket i kommunestyret. Det gjeld overskridning av den økonomiske ramma for bygging av Suldal bad. Kommunestyret vedtok ei ramma på 120,5 mill. kr. som sidan er blitt overskride. Som nevnt tidligare er det orientert til LMT-utvalet, formannskapet og kommunestyret om utviklinga i dette prosjektet.

⁷ Sakene 83/16, 87/16, 88/16, 72/16, 47/16, 31/16, 15/16, 25/16, 130/15, 26/15, 46/15, 56/15, 75/15.

2.2.2 SAKER I FORMANNSKAPET I 2015 OG 2016

Formannskapet hadde 12 møte i 2015 og 2016 og handsama 85 og 78 saker desse to åra.

Vi har også her teke utgangspunkt i møteprotokollane i 2015 og 2016. 9 saker vart plukka ut for nærare sjekk.⁸ Alle innehold tillegg og/eller endringar til rådmannens innstilling. Desse er sjekka ut for å finne status i korleis dei er fulgt opp av administrasjonen.

Vi har heller ikkje her funne saker som ikkje er fulgt opp. 7 av 9 saker er fulgt opp i tråd med formannskapets vedtak. Ei sak er delvis under oppfølging fortsatt. Det gjeld fleire samferdselstiltak som vart vedtekne i samband med økonomiplan med handlingsprogram for 2017 (sak 77/16). Eit av desse fem tiltaka er utført, medan dei andre fire skal følgast opp. Ei anna sak er litt spesiell i og med det gjeld ei meldingssak der rådmannen vart oppfordra av eit av medlemmene i formannskapet om å få orden på skilta i kommunen (sak 53/15). Dette vart protokolført, men er eit signal gitt av eit einskild medlem, og er altså ikkje eit vedtak som eit fleirtal i formannskapet stilte seg bak.

2.2.3 SAKER I HOVUDUTVALA I 2015 OG 2016

I levekårsutvalet vart det handsama 41 saker i 2015 og 42 saker i 2016. I LMT-utvalet var antalet saker 118 og 127 desse to åra.

Som nevnt vert eit fleirtal av sakene i levekårsutvalet sendt vidare for endeleg avgjerd i kommunestyret med innstilling frå levekårsutvalet. Før saka kjem så langt kan det ha vore handsaming av saka i ulike råd, og grendeutval kan ha kome med innspill. Det sikrar involvering i fleire fasar av saka før ho vert endeleg handsama i kommunestyret.

Det er gjort ein sjekk av 3 saker som levekårsutvalet sjølve har gjort vedtak i. Det er ikkje funne avvik mellom politisk avgjerd og administrasjonens oppfølging av sakene.

I LMT-utvalet er som nevnt sakene fleire enn i levekår, der ei viktig forklaring er orienteringar om administrative vedtak etter delegert fullmakt. Det vert også handsama eit stort antal dispensasjoner frå vedtekne arealplanar, der søker gjerne søker om dispensasjon frå fastsett LNF-område. Klagehandsaming i samband med ulike typar søknadar utgjer også ein del av sakene i LMT-utvalet. Gjeld det større plansaker - nye eller større endringar i eksisterande planar - innstiller LMT-utvalet direkte til kommunestyret. Er det økonomiske konsekvensar av planen, skal den også handsamast i formannskapet.

Det er gjort ein sjekk av 3 saker som LMT-utvalet sjølve har vedteke. Det er ikkje funne avvik frå politisk avgjerd og administrasjonens oppfølging av desse sakene.

⁸ Sakene 75/16, 77/16, 58/16, 41/16, 33/16, 83/15, 76/15, 72/15, 53/15.

2.3 FOLKEVALDES ERFARINGAR

Formelt skal politikarane sette dagsorden for administrasjonen gjennom å ta initiativ til saker, medan administrasjonen si oppgåve er å utgreie sakene før politisk avgjerd. Når saka er vedteken, er det administrasjonen som skal iverksettja avgjerda. Så er det opp til innbyggjarane ved val å avgjere om dei er nøgde med den politiske innsatsen.

Forholdet mellom politikk og administrasjon er sjeldan så finskåren som fasane i den demokratiske styringskjeda omtala over. Suldal kommune har vedteke eit delegasjonsreglement som skal avklare kva saker som er administrative (ikkje prinsipielle saker) og korleis overordna og prinsipielle saker skal handsamast i ulike politiske organ.

Reglementet har desse målsettingane:

- Sikra ei god og effektiv sakshandsaming.
- Gje kommunestyret og dei politiske utvala tid og høve til å driva overordna politisk styring av kommunen og ta avgjerd i prinsipielle saker.
- Vedtaksmynne nær brukaren
- Klargjere ansvarsfordelinga mellom politiske organ og administrasjonen.

Det er gjennomført intervjuer med ordførar og varaordførar, med gruppeleiarane og dei to leiarane for hovudutvala. Dei viktigaste temaene har vore kva erfaringar dei har med administrasjonens oppfølging av vedtak og kva informasjon dei får om korleis det går med iverksettinga. Dessutan er det stilt spørsmål om korleis dei opplever samspelet med administrasjonen. Same spørsmål har den strategiske leiargruppa fått.

Hovudbiletet er eit godt samspel mellom politikk og administrasjon. Alle dei intervjuia peikar på at det er høg grad av tillit mellom dei folkevalde og den administrative leiinga. Dei folkevalde er i all hovudsak godt nøgde med administrasjonen si saksførebuing, gjennomføring av dei politiske møta og oppfølgjing av politiske vedtak. Den administrative leiargruppa vert rosa for samkjørt og lojal oppfølgning av dei politiske vedtaka.

Eit klart fleirtal av dei folkevalde meiner at saksførebuinga og papirlause møte med Ipad, fungerar på ein sikker og god måte. Nokre peiker på at omfattande saker med mange vedlegg kan vera krevjande på Ipad. Det kan vera vanskeleg å få tak i heilskapen i saka. Generelt får politisk sekretariat gode skussmål frå alle dei intervjuia.

På spørsmål om korleis ugildskap vert handtert, er dei aller fleste av den oppfatninga at dette er det stor merksemld om, og at det vert greit handtert i den einskilde sak. Politikarane har det i ryggmargen at Suldal er ein liten kommune med tette band mellom folk, og at dette stundom må få konsekvensar ved at nokon er ugild i einskildsaker.

Eit spørsmål fleire var opptekne av, er i kva grad politikarane avgrensar seg til vedtak i overordna og strategiske saker, eller om dei også styrer i detaljsaker. Jevnt over er oppfatninga at Suldal har eit aktivt kommunestyre denne valperioden, og at de folkevalde er tett på administrasjonen i mange saker. Det vert også vist til saker der dei folkevalde

har gjort vedtak i saker som ligg innanfor administrasjonens fullmakt å avgjera. Men det vert også understreka at dette var unnataka, ikkje regelen.

Dei folkevalde peikar på at det kan vera ein krevjande balansekunst å handtera ombudsrolla på den eine sida, ofte med utgangspunkt i lokale saker frå ei av bygdene, og det å opptre strategisk og overordna i styringa av kommunen på de andre sida. Det vart vist til døme på einskildsaker som trekkjer opp grensa for kva politikarane skal blanda seg inn i. Administrativt er oppfatninga at det sjeldan er tvil om kva saker det er som må handsamast politisk og kva saker som er reint administrative.

Fleire av dei intervjuia peikar på at grenseoppgangen mellom politikk og administrasjon er eit delt ansvar. Administrasjonen må på si side ikkje invitera politikarane inn i detaljar som administrasjonen sjølve har fullmakt til å avgjere. Politikarane på si side må kunne utforme politiske vedtak og bestillingar som er klare og konkrete, men som ikkje inneber detaljstyring av administrasjonen. Det er ikkje støtte blant politikarane om å delegera fleire saker til administrasjonen. Dei ønskjer å ha ei hand på rattet slik som no.

I all hovudsak meiner politikarane at rådmann og administrasjon tek hand om dei politiske vedtaka på ein god måte. Rådmannen får mykje ros for å leggja fram sakene på ein enkel og forståeleg måte, også saker som er fagleg komplekse. Ingen av dei intervjuia kan vise til døme på saker som er blitt liggjande eller bevisst trenert. Heller ikkje saker der politikarane har kome med tillegg eller gjort endringar i innstillinga frå rådmannen. Rådmannen og øvrig leiargruppe får positiv tilbakemelding for å opptre ryddig, systematisk og samkjørt i oppfølginga av politiske vedtak. Det vert peika på at nokre saker kan ta lang tid, men at det fins plausible grunnar for dette når det blir stilt spørsmål.

Politikarane er godt nøgde med den informasjonen dei får frå administrasjonen om korleis det går med saker som skal følgjast opp. Det vert vist til både tertialene, årsmeldinga rådmannens oppfølgingsliste (av dei som sit i formannskapet) og til skriftlege og munlege opplysningar gitt i politiske møte. Politikarene meiner og at dei enkelt og ubyråkratisk får informasjon frå saksansvarlege om status i saker dei er interesserte i. Saman med at Suldal er ein nokså liten og oversikteleg kommune, meiner politikarane at dei får den informasjon som er naudsynt. Ingen kan peike på andre former for rapportering til politisk nivå som kunne betre informasjonsflyten endå meir.

Det vart også stilt eit spørsmål om det er nokre typar saker som er meir utsette når det gjeld avvik i oppfølgjinga frå opprinneleg politisk vedtak. Svara kan samanfattast slik: 1) saker som går over lang tid, gjerne fleire år, 2) benkeforslag som vert vedtekne utan at det er gjort grundige vurderinger og dermed har risiko for å kome skeivt ut og 3) store byggeprosjekt, Suldal bad og rehabilitering av skulebygg vert trukne fram som døme. Denne typen saker meiner mange av dei intervjuia har behov for særskilt oppfølging.

Fleire av politikarane er opptekne av at den politiske saksgangen frå hovudutval og råd, til handsaming i kommunestyret og eventuelt også i formannskapet, er med på å skape involvering og eigarskap til sakene blant kommunerepresentantane. Det at det store

fleirtalet av kommunestyrerrepresentanter anten sit i eit hovudutval eller i formannskapet, er med på å forebyggje at det vert eit A og B lag av politikarar i kommunestyret.

På nettsidene til Suldal kommune vert innbyggjarane orienterte om kva slags saker som skal handsamast i ulike politiske organ. Når møtet er ferdig vert det lagt ut møteprotokoll. Det vert imidlertid ikkje lagt ut noko informasjon om når sakene er iverksatt av administrasjonen. For innbyggjarar som vil vita meir om korleis det har gått med saker dei er interesserte i, vert alternativet å henvenda seg til administrasjonen.

Nabokommunen Sauda (www.sauda.kommune.no) har innført ei ordning der dei legg ut sakspapir i forkant av politiske møte, og i etterkant legg ut møteprotokoll når den er ferdig. I tillegg legg dei ut vedtakskategori som fortel den interesserte leser om saka er klar for oppfølging eller iverksatt/ sak ferdig. Etter kvart som tida går vil fleire og fleire saker få vedtakskoden iverksatt/ sak ferdig. Den interesserte innbyggjar eller næringsaktør kan dermed følgje med kor saka står og om den er ferdig handsama. Dette gjev større åpenheit, og vil kanskje også avlaste pågangen av henvendingar til kommunen.

ANBEFALING

Vi vil rå Suldal kommune å:

- *gjere ei vurdering av informasjonen på sidene «Politikk og organisasjon/ møter og sakspapir» med sikte på å gjere det enklare for lokalsamfunnet å følgje med på den politiske saksgangen frå vedtak til saka er ferdig iverksatt.*

3 VURDERINGER OG ANBEFALINGAR

Oppsummering og tilråingar i det følgjande er identisk med samandraget framme i rapporten.

Føremålet med prosjektet er å kartleggje og vurdere Suldal kommune sine rutinar for og resultat av administrasjonens oppfølging av politiske vedtak.

Følgjande problemstillingar er omfatta av revisjonen:

- Kva for system og rutinar har administrasjonen for oppfølging og iverksetting av politiske vedtak? Korleis vert det utarbeida restanselister?
- Kva for system og rutinar har administrasjonen for tilbakerapportering til folkevalt nivå om status for oppfølging av vedtak?
- I kva for ein grad har tiltak om innsparingar vorte vedteken og sett i verk? Har dei hatt ynskt effekt?
- Kva for vedtak vart fatta av kommunestyre, formannskap og hovudutval i 2015 og 2016 og kva er status på oppfølginga av dei?
- Gjeve at det vert avdekt manglar i gjennomføringa av vedtak
 - o Kva er årsakene til at vedtaka eventuelt ikkje er gjennomført?
 - o Kva har eventuelt vore konsekvensane?

Revisjonen omfattar politiske saker og vedtak frå 2015 og 2016. Dessutan er rådmannen si oppfølgingsliste over saker som skal iverksetjast, vore utgangspunkt for ein sjekk av status for administrasjonen si oppfølging eit halvår inn i 2018.

Revisjonen har basert seg på stikkprøver av saker i kommunestyret, i formannskapet og i dei to hovudutvala. Desse er lagt fram for rådmannen. Ordførar og varaordførar og gruppeleiarane er intervjua. Også dei to hovudutvalsleiarane er intervjua. På administrativ side er rådmannen og kommunalsjfane intervjua, samt leiar for servicetorget.

Hovudbudskap:

- Suldal kommune har i hovudsak eit betryggande system for administrativ oppfølging av vedtak gjort i kommunestyret, formannskapet og dei to hovudutvala.
- Politikarane er godt nøgde med den informasjonen dei får skriftleg og munleg frå administrasjonen om korleis det går med saker som skal iverksetjast.
- Det er eit godt samspel mellom politikk og administrasjon. Alle dei intervjua peikar på høg grad av tillit mellom dei folkevalde og den administrative leiinga.
- Kommunestyret sitt vedtak i 2016 om å spara inn 19,5 årsverk er i hovedsak i rute. Innsparingane på kultur er utsette etter politisk avgjerd.
- Nokre av sakene på rådmannen si oppfølgingsliste er fleire år gamle, og det synest naudsynt med ei avklaring av korleis desse skal handterast vidare.
- I rutinen for handsaming av saker i sakssystemet WebSak vert ikkje sakene kategorisert som «iverksatt». Denne kategorien stadfestar formelt at saka er avslutta.

Rutinar for administrativ oppfølgjing av politiske vedtak

Rådmannen innførte for nokre år sidan ei liste med oversikt over vedtekne politiske saker som krev nærmere oppfølgjing i administrasjonen.

Lista er eit hjelpeverkty for rådmannen og administrasjonen for å sikre at saker vert fulgt opp og kvittert ut som føresett av dei folkevalde.

Oppellinga av saker på lista eit knapt halvår inn i 2018, viser at det store fleirtalet av saker anten er ferdige eller at oppfølginga er starta opp. 24 % av sakene er ferdige medan 47 prosent av sakene er starta opp med omsyn til oppfølging. Av totalt antal saker oppført på lista i juni 2018, 233 saker, har heile 196 av sakene (84 %) samband med handsaminga av kommunens økonomiplan. Berre 37 saker (16 %) har samanheng med andre avgjelder i kommunestyret, formannskapet eller eit av dei to hovudutvala.

26 saker er plukka ut for nærmere vurdering i samband med revisjonen. Dette gjeld saker som vart vedteke 12.12.2017 då kommunestyret handsama økonomiplanen.

Det er ikkje funne nokon avvik mellom vedtaka i kommunestyret og saker oppført i rådmannens oppfølgingsliste. Alle dei undersøkte sakene framgår av lista til rådmannen. Det er heller ikkje funne avvik mellom vedtaka i kommunestyret i samband med budsjetthandsaminga og dei vedtak og tiltak som er tekne med i endeleg økonomiplan.

ANBEFALING

Gjennomgangen av saker oppført i oppfølgingslista, syner at 25 saker er frå 2017 eller tidlegare vedtaksår. 19 av desse sakene er frå 2017, medan 3 er frå 2016, 1 sak er frå 2014 og 2 saker er frå 2013. Dei tre eldste sakene gjeld oppfølging av Klima- og energiplanen, kartlegging av kommunale bygningar med omsyn til universell utforming og planleggning av fast drift av dagaktivitetstilbodet på Sand. Vi vil tilrå kommunen å:

- *Ta ein gjennomgang av dei eldste sakene på rådmannens oppfølgingsliste for å få ei avklaring på korleis dei skal handsamast vidare.*

Rutinar for sakshandsaming

Kommunen nyttar sakshandsamingssystemet WebSak for vedtaksoppfølging. WebSak gjer det mogleg å knytte vedtaksoppfølging til eit sakspapir slik at kommunen kan sjå kva som skjer eller har skjedd i ein sak etter at eit vedtak er fattet. WebSak er basert på prinsippene om éin sak – éin sakshandsamar og fullført sakshandsaming.

Sakshandsamarane hentar «sine» saker for oppfølging og kvitterer ut saka (nokre gonger med merknader). Når saka har fått status «ferdig behandlet» forsvinn saka frå kurven for vedtaksoppfølging. Kvar einskild sakshandsamer kan sjekke eigne restansar i WebSak. Det kan og køyrast ut forfallslistar og restanselister over uhandsama inngåande brev, som viser samla oversikt for kommunen eller for einskildeiningar. Det samme gjeld for saker som er under arbeid i den einskilde eininga eller i kommunen samla.

ANBEFALING

Slik Suldal kommune i dag nyttar Websak, vert ikkje kategorien «ferdig iverksatt» nytta. Dette er siste ledet i rutinen før saka er endeleg handsama. Dette er i hovudsak ein formalitet og stadfestar når ei sak er avslutta. Vi vil tilrå Suldal kommune å:

- *Vurdere ei endring i rutinane for sakshandsaming i Websak slik at sakene formelt vert avslutta ved å nytta vedtakskoden «saka er iverksatt».*

Rapportering til dei folkevalde om iverksetjinga av vedtekne saker

Korleis det går med framdrifta i administrasjonen sin oppfølging av saker, vert rapporterte i dei to tertialrapportane til kommunestyret. Også formannskapet og dei to hovudutvala handsamar tertialrapportane, samt dei ulike råda. Etter årsslutt legg rådmannen fram årsmelding og rekneskap, og her vert det gitt tilbakemelding på korleis måloppnåinga har vore. I tillegg til dei formelle rapporteringene gjennom tertialar og årsmelding, kjem andre både skriftlege og munlege orienteringar til dei folkevalde. Politikerne tek dessutan direkte kontakt med rådmann, aktuell kommunalsjef eller sakshandsamar om dei vil forhøyre seg om status i saker dei er opptatt av.

Suldal kommune har eit vel utvikla system og rutinar for rapportering til dei folkevalde om administrasjonens oppfølging av politiske avgjerder. Intervjua med utvalde politikarar i Suldal syner at dei fleste er godt nøgde med den informasjonen dei får.

Det er imidlertid eit område som fleire av politikarane meiner kunne vore betre. Det gjeld utviklinga i nokre av dei større byggeprosjekta i kommunen, kor det i nokon tilfelle har vore budsjettoverskridinger og forseinkingar. Nokre av politikarane meine det har kome overraskingar som dei i liten grad kan gjera noko med når informasjonen kjem seint. Spørsmålet er om det er naudsynt med meir fleksibel informasjon om framdrifta i investeringsprosjekt til dei folkevalde når noko uventa skjer. I dag vert det gjeve regelmessig informasjon i tertialane og årsmeldinga. Revisjonen vil ikkje gje ei konkret tilråing om dette, men oppfordrar kommunen til å tenke gjennom om noko meir kan gjerast for å sikre at dei folkevalde er informerte om utviklinga i større byggeprosjekt.

Oppfølging av vedtaket om å spara inn årsverk

Med eigedomsskatt frå kraftverk som står for 8 prosent av den norske vasskraftproduksjonen, har Suldal ein god økonomi. Kommunen har imidlertid gjort seg sterkt avhengig av kraftinntektene, og politiske signal nasjonalt kan tyde på at det på sikt vert endringar i eigedomsskatten. Eit av tiltaka for å førebu seg i tide, har vore kommunestyrets avgjerd hausten 2016 om å redusera antalet årsverk med 19,5 årsverk.

Samla er antalet årsverk frå starten av 2016 til utgangen av 2017 blitt redusert med over 15 årsverk – frå 456 årsverk i 2016 til 441 årsverk ved utgangen av 2017.

Reduksjonane som kjem i 2018 og dei med verknad frå starten av 2019, er i hovudsak i rute. I følgje 1.tertial er vedtaket om sparing av 100 prosent stilling i administrasjonen

per 30.04.2018 ikkje blitt gjennomført, jf. 1. tertialrapport 2018. Budsjettmidla forsvinn imidlertid frå dato, sjølv om ikkje stillingsreduksjonen blir gjort frå samme dato.

Slik revisjonen vurderer det, sommaren 2018, synest innsparingane i årsverk i hovedsak å vere i rute. Innsparingane på kultur er utsette etter politisk avgjerd.

Saker vedtekne i kommunestyret, formannskapet og dei to hovudutvala

Vi har gått gjennom eit utval kommunestyresaker, formannskapssaker og saker i dei to hovudutvala for 2015 og 2016. Desse sakene er så tekne opp med rådmannen for å sjekke status i saka. Føremålet har vore å undersøke om sakene er ferdigstilt - eller viss dei ikkje er ferdigstilt - om det fins plausible grunnar kvifor så ikkje er tilfelle.

Vi har gjort ein sjekk av 14 kommunestyresaker, 9 formannskapssaker og tre saker i levetekårsutvalet og tre saker i LMT-utvalet. Det er ikkje funne større avvik frå politisk avgjerd og administrasjonens oppfølging i nokon av desse sakene.

Folkevaldes erfaringar med oppfølgjing av politiske vedtak

Dei intervjuia peikar på at det er høg grad av tillit mellom dei folkevalde og den administrative leiinga. Dei folkevalde er i all hovudsak godt nøgde med administrasjonens saksførebuing, gjennomføring av dei politiske møta og oppfølging av politiske vedtak.

Jevnt over er oppfatninga at Suldal har eit aktivt kommunestyre, og at de folkevalde er tett på administrasjonen i mange saker. Det er ikkje støtte blant politikarane om å delegera fleire saker til administrasjonen. Dei ønskjer å ha ei hand på rattet slik som no.

Rådmannen og øvrig leiargruppe får positiv tilbakemelding for å opptre ryddig, systematisk og samkjørt i oppfølginga av politiske vedtak. Det vert peika på at nokre saker kan ta lang tid, men at det fins plausible grunnar for dette når det blir stilt spørsmål.

Politikarane er godt nøgde med den informasjonen dei får frå administrasjonen om korleis det går med saker som skal følgjast opp. Det vert vist til både tertialene, årsmeldinga, rådmannens oppfølgingsliste (av dei som sit i formannskapet) og til skriftlege og munlege opplysningar gitt i politiske møte. Politikarene meiner at dei enkelt og ubyråkratisk får informasjon frå saksansvarlege om status i saker dei er interesserte i.

ANBEFALING

På nettsidene til Suldal kommune vert innbyggjarane på førehand orienterte om kva slags saker og sakspapir som skal handsamast i ulike politiske styrer og råd. Når møtet er halde, vert det lagt ut møteprotokoll frå møtet. Det vert imidlertid ikkje lagt ut informasjon om når sakene er iverksatt av kommunens administrasjon. For innbyggjarar som vil vita meir om korleis det har gått med saker dei er interesserte i, vert dermed alternativet å henvenda seg til administrasjonen.

Vi vil rå Suldal kommune å:

-
- gjere ei vurdering av informasjonen på sidene «Politikk og organisasjon/ møter og saks-papir» med sikte på å gjøre det enklare for lokalsamfunnet å følgje med på den politiske saksgangen frå vedtak til saka er ferdig iverksatt.

VEDLEGG

Om forvaltningsrevisjon

I kommunelovens [§ 77.4](#) pålegges kontrollutvalgene i fylkeskommunene og kommunene å påse at det gjennomføres forvaltningsrevisjon. Forvaltningsrevisjon innebærer systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets vedtak og forutsetninger. Lovens bestemmelser er nærmere utdypet i revisjonsforskriftens [kapittel 3](#) og kontrollutvalgsforskriftens [kapittel 5](#).

Revisjon i norsk offentlig sektor omfatter både regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon, i motsetning til i privat sektor hvor kun regnskapsrevisjon (finansiell-) er obligatorisk.

Rogaland Revisjon IKS utfører forvaltningsrevisjon på oppdrag fra kontrollutvalget i kommunen. Arbeidet er gjennomført i henhold til [NKRF](#) sin standard for forvaltningsrevisjon, [RSK 001](#). Les mer på www.rogaland-revisjon.no.

Arbeidet med denne rapporten er ledet og utarbeidet av forvaltningsrevisor Ståle Opedal. Rapporten er kvalitets-sikret av fagansvarlig for forvaltningsrevisjon, Christian Jerejan Friestad.

Revisjonskriterier

Revisjonskriteriene er krav eller forventninger som revisjonen bruker for å vurdere funnene i undersøkelsene. Revisjonskriteriene skal være begrunnet i, eller utledet av, autoritative kilder innenfor det reviderte området, f.eks lovverk og politiske vedtak. I dette prosjektet er følgende kriterier anvendt:

- Kommuneloven § 23 om administrasjonssjefens oppgaver og myndighet.
- Delegasjonsreglementet til Suldal kommune, vedtatt mars 2016.
- Reglement for politiske organ og innsynsrett for folkevalde, datert september 2016.
- Rutinebeskrivelser for politisk handsaming av saker og videre oppfølging.
- Websak og system for registrering, sakhandsaming og vedtaks-kategoriar.

Munlege kjelder

Gerd Helen Bø, SP, ordførar

Kari Vaage Gjuvslund, AP, varaordførar og gruppeleiar AP.

Endre Kvæstad, gruppeleiar SP.

Svanhild Løge Skålheim, gruppeleiar Krf.

Rainer Speth, gruppeleiar H.

Nils Bjarne Vold, gruppeleiar V.

Tone Mari Sand, gruppeleiar SV.

Ola Jelsa, leiar av levekårsutvalet.

Magne Stangeland, leiar av LMT-utvalet.

Øyvind Valen, rådmann

Grethe Jæger Anglevik - kommunalsjef (ansvar for hovudsakleg helse og omsorg)

Ingebjørg Rullestad Gjerde - kommunalsjef (ansvar for hovudsakleg oppveksttenestene)

Torbjørn Guggedal - kommunalsjef (ansvar for hovudsakleg utvikling, plan og teknisk)

Turid Vaage, leiar av servicesenteret

Skriftlege kjelder

Kommuneplan 2015-2014

Økonomiplan med handlingsprogram, fleiere årganger

Årsmeldingar, fleire årganger

Tertiarrapportar for flere år

Møteprotokollar frå kommunestyret, formannskapet, hovudutvala for 2015-2017.

Delegasjonsreglement

Reglement for politiske organ og innsynsrett for folkevalde
Oppfølgningsliste over saker som skal iverksettes, dynamisk liste som oppdateres fortløpende



Rogaland Revisjon IKS

Lagårdsveien 78
4010 Stavanger

Tlf 40 00 52 00
Faks 51 84 47 99

www.rogaland-revisjon.no